

Det store finans- og garborgmysteriet



KRONIKK

ROLF ERIK SOLHEIM

Når mange i dag spør kva som er gale med finansøkonomien, og kvifor eit lite land som Hellas kan få heile det globale systemet til å rakna, får dei ikkje noko skikkeleg svar. Fordi ingen økonomar lenger skjønner heilt kva som skjer. Berre dette: At nokon har lånt ut meir pengar enn låntakarane kan betala tilbake. Og at alt går så fort.

I 2007 kunne ein «daytrader» som var kvikk med fingrane på sin laptop frå eit hotellrom i Florida klara 12 manuelle transaksjonar på Oslo Børs på 90 sekund. I dag kan eit automatisk handelssystem som Timber Hill prestera 1500 transaksjonar på 2 sekund. I 2009 vart 73 % av alle aksjar i USA handla av programerte aksjerobotar, og ein aksje vart i gjennomsnitt eigd i 22 sekund.

Paradoks


Er det ikkje eit kolossalt paradoks at Arne Garborg kunne ha stansa galenskapen vi i dag er vitne til? Han satsa sine siste 20 år på eit nasjonaløkonomisk system som kunne ha hindra både miljø-, klima- og finanskriser i dag. Men kvifor skriv ingen litteraturforskarar om dette? Og kvifor vert ikkje økonomistudentar (til dømes ved Universitetet i Stavanger) undervist om georgismen, om Framsteg og Fattigdom, den mest publiserte boka i økonomisk og politisk teori gjennom alle tider?

Garborg oppdaga den amerikanske sosialøkonomen Henry George på den tida han arbeidde med Jesus Messias i 1905. Som statsrevisor hadde han fått innsikt i mange av dei store offentlege prosjekta i Norge i 1870- og 80-åra, hadde granska sosial urett og rettfærd, og såg georgismen som ein praktisk tilnærming til brorskapstanken hos Jesus. Georgismen skilde seg nemleg frå både kapitalisme og kommunisme i samtida. Underleg nok har dei fleste garborgespertar misforstått georgismen og framheld Garborg som antikapitalist. Det er som å skulda Kåre Willoch for å vera antikapitalist fordi han kritiserte framferda til kapitalistane. Det var nemleg det Garborg gjorde.

Han skriv i bladet Retfærd i 1908: Grunnmuren under George-Læra er den gamle Lova: du skal elske din Neste som deg sjølv. Og denne Lova er vel verd å merke seg; ho gjev det einaste Samfunnsgrunnlag som held ut i Lengda.

Skatte- og avgiftsfilosofi

Mykje forenkla kan ein seia at georgismen (seinare kalla geoisme) gjekk ut på å ta bort skatt på løn og arbeid, og kompensera med høg skatt og avgifter på bruken av jord og andre naturressursar.



Det var altså ein rein skatte- og avgiftsfilosofi som først av alt sikta på å avskaffa fattigdom og spekulasjon på mark og jordeigedom. Alle leiger frå jordareal, konsesjonar, mineral- og oljeutvinningsrettar, fiskekvotar og liknande, går til samfunnet. Slike inntekter har ingen arbeid for å få. Ein skal få betalt etter det ein gjer, ikkje etter det ein eig, og borgarløn betyr at alle mottek sin del av dei inntektene staten får for å selja eller leiga bort naturressursar.

Garborg drog land og rike rundt og starta George-foreningar, skreiv artiklar, heldt foredrag i Juristforeningen, Studentersamfundet og mange andre stader.

Georgismen retta ein dolk direkte mot hjarta på privilegium og rikdom som ikkje var opptent gjennom arbeid. Fiendane i USA lukkast etter kvart å svartmåla georgismen som kamuflert kommunisme. Dessutan omdefinerte dei økonomisk teori og eliminerte landareal som ein viktig økonomisk kategori. Mason Gaffney fortel i boka *The Corruption of Economics*, korleis røvarbarona i USA finansierte antigeogistiske økonomifakultet ved fleire store universitet som Columbia og Chicago.

Robert V. Andelson skriv i essayet *The Reconstruction of Capitalism*: There is a socio-economic truth which incorporates the best insights of both Capitalism and Socialism. Yet they are not insights that are artificially woven together to form a deliberate compromise. Instead, they arise naturally, with a kind of inner logic; from the profound ethical distinction which is the system's core. . . This Middle Way is the philosophy of Henry George.

I lys av dette kan ein spekulera over korleis verdshistoria kunne ha arta seg i det 20. hundreåret om Marx ikkje hadde alliert seg med feil revolusjonær sak, og i staden hadde slutta seg til filosofien til Henry George, slik Leo Tolstoy gjorde.

Boka *Progress and Poverty* kom ut i 1879 og vart trykt i millionar av eksemplar på 15 språk. Ho fekk djup innverknad på samfunnsøkonomisk debatt i 50 år, og påverka administrasjon av land, politikk og praksis i mange delar av verda, ikkje minst i Australia, New Zealand og Danmark. Den Danske Henry George Forening er framleis i full verksemd.

På nettstaden www.henry-george.org er det eit heilt kurs - Understanding Economics - om georgismen og korleis denne økonomiske tenkinga ville fungera i dag. Vi ser nå opprør i mange land som til dømes Occupy Wallstreet, ein protest mot manglande sosial rettfærd. Og det var nettopp sosial rettfærd hos Henry George som Garborg blei klar over medan han skreiv om brorskapstanken i Jesus Messias og oppdaga parallelliteten.

Tre viktige omgrep

I georgismen er det tre viktige omgrep: 1 kapitalrikdom, 2 arbeid og 3 land. «Land» finst ikkje med i konvensjonell nasjonaløkonomi, og i dette omgrepet vert alt det materielle i naturen som luft, ferskvatn, jord, hav, metall, olje, ja alle slag av fysisk stoff på planeten Jorda rekna inn.

Med ein slik økonomisk definisjon vert eit tre i regnskogen «land», medan eit tre vi har planta i hagen, ikkje er «land», men eit skapt «produkt» og reknast som del av vår «rikdom». «Kapitalrikdom» (Capital Wealth) er såleis

ikkje pengar, men maskinar, verktoy og inventar.

Når ein fører desse omgrepa ut i det praktiske livet, kjem det til syne ein samfunnsøkonomi med auka rettfærd og eit heilt nytt fokus på økosystemet.

Figuren viser korleis Arbeid og Kapital (til venstre i figuren) saman med naturressursar («Land») skapar Rikdom («Wealth») som mat, klede og bustad medan dei vert laga. «Rikdom» er altså noko materielt som menneska har laga og som har bytesverdi. Med denne definisjonen kan ein altså ikkje verta «rik» på pengar, aksjar eller verdipapir. Desse fell ikkje inn under omgrepet «rikdom». Pengar er såleis ikkje i seg sjølv rikdom, men kan skapa rikdom. «Rikdom» kan bare vera realverdiar, medan «pengar» er eit praktisk bytemiddel som i seg sjølv korkje kan etast eller halda ein varm om ein frys. Dei må bytast i mat eller klede for å tilfredstilla oss.

Å skapa pengar på kunstig veg (utan arbeid, slik banksystemet og finansinstitusjonar gjer i vår tid) vert såleis ikkje mogeleg. Difor vert heller ikkje spekulasjon mogeleg slik børsen fungerer i dag.

«Produksjonen» i dette systemet er ikkje slutt før rikdom (wealth) er fordelt (handla, transportert, og distribuert) til sluttbrukarane.

Naturressursane

På Garborgs tid var ikkje økosystemet oppdaga slik vi forstår det i dag, og kretslopstanken (gjenvinning av avfall og forureining) var ikkje introdusert. I moderne økologisk tenking skal «brukte» naturressursar returnerast for at naturen skal fornya dei, men

dette ligg usynleg og potensielt innbaka i georgismen.

Det er altså leige, «Rent» eller skattlegging av bruken av «Land» (naturressursar) som skal betala samfunnsutgiftene, medan systemet elles fungerer som «marknadsøkonomi». Grunnavgifta (ein einaste skatt) skulle altså finansiera velferdssamfunnet, noko som forenkla administrasjonen av samfunnet kolossalt. Legg merke til at CO2-avgift etter Kyoto-modell er ei slags «georgeavgift», med den skilnaden at georgismen i dag vil at alle slags utslepp skal skattleggast kraftig.

Den viktigaste skilnaden mellom georgisme og vanleg økonomi ligg altså i definisjonen av «Land» - naturressursane. Dette er sjølv fundamentet i georgismen. Og det er her Garborg i si tenking - utan eigentleg å vita det - ligg hundre år framfor si tid, ei tid då overforbruk av naturressursar har skapt mellom anna ei klimakrise av gigantiske dimensjonar.

Ei total omlegging av skattesystemet kunne få styring på forureining, på fattigdom og på rasering av det økologiske mangfaldet. Pluss stans i uhemma økonomisk tilvekst som held på å tyna livsgrunnlaget på planeten. Eit nytt kontosystem kopla til økosystemet ville vera stabilt både mot naturkatastrofar og finansturbulens. Garborg meinte det ville ta 50 år å byggja om Norge. Ute i verda var han på linje med den unge Winston Churchill i England, Sun Yat Sen i Kina, Leo Tolstoy i Russland og Henry George i USA.

Tenk om Universitetet i Stavanger vart først ute med på nytt å setja Arne Garborg (og Henry George) på det økonomiske kartet med ein reserveplan. Om det verste skulle skje!